



Skalldyraften var ein stor suksess i fjor

**Systemene Nilsen kjem til å satsa på litt nye opningstider i år, opplyser systrene til uskedalen.no
Dei testa ut diverse arrangement i fjor, til dømes quiz kvar onsdag, skalldyraften kvar torsdag og gourmetmiddagar. Det var levande musikk nesten kvar helg heile sumaren,**



Triveleg ved sjøkanten når veret er fint

Men denne sommaren vert det litt endringar då oppslutninga om quiz og gourmetmiddagar ikkje svara heilt til forventningane.

- Kva blir endringane?

- Vi satsar på quiz framleis, men då litt sjeldnare enn ein gong i veka. På sundagane blir det meir tradisjonell mat då vi har registrert at det er ynskjeleg. Skalldyraften vert som før om torsdagane. Vi håpar på fulle hus som i fjor og at det blir sol og god temperatur. Det er avgjerande for vellukka servering i sjøkanten.

- Men det blir ikkje så ofte levande musikk som i fjor?

- Vi kjem til å ha levande musikk, men ikkje kvar helg. Mange ynskjer faktisk listepop framfor trubadurar.

Elles vil vi gjerne minna om at vi er heilt ferske i bransjen og framleis har mykj å læra, Vi er glade for konstruktive tilbakemeldingar frå kundar, familie og vener, Men framfor alt håpar vi på mange gjester og god stemning også i år

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen